

Høyring Utviklingsplan for Helse Fonna

Brukarutvalet i Helse Fonna har hatt planen oppe på møte 08.05.2018 og har hatt anledning til å kommentere den på e-post både før og etter møte.

Me har fått presentert planen ved fleire anledningar på møta våre ved prosjektleiar Reidun Mjør, me har og hatt brukarrepresentantar i prosjektet og i styringsgruppa.

Brukarutvalet har gjennom sine representantar i prosjektgruppa for Utviklingsplanen spelt inn fleire framlegg til forbetring av planutkastet. På møte vart det presisera følgande forhold som gjeld brukarmedverking i kapittel 2.2 Brukarmedverknad - 6.2 Pasientens helseteneste – 6.3 Pasientbehandling.

Det var og eit innspel som går på dette med at det ikkje er nok røykfrie rom innan psykiatriske sjukehus og at det må vera eit mål at Helse Fonna kan tilby røykfrie rom til dei pasientane som ønsker det, dette er førebyggjande og god folkehelse.

Skal brukarutvalet spela ei rolle her er det viktig at utvalet har ressursar og kompetanse til å løyse dei oppgåvene retningslinjene legg opp til.

Utover desse kommentarane ser utviklingsplanen til å ha fått med det me synest er viktig.

Og det er viktig at Utviklings planen blir følgt og blir til beste for brukarar og dei pårørande.

Stord 15.05.2018



Laila Stensletten

Leiar Brukarutvalet Helse Fonna